

## Vedlegg 9: Statusrapport per 12.03.18 til Arbeidstilsynet vedrørende stasjonstilhøve i ambulansetenesta.

Rapportering til Arbeidstilsynet - stasjonstilhøve										
Stasjon	Garasje	Garderobe	Vaskerom	Toalett dusj	Ventilasjon	Kvilerom /soverom	Merknad	Tidfesta plan for lukke avvik	Mellombelse tiltak	Status
Eid	Ja	Ja	Ja	Ja	Ja	Ja	Stasjonen manglar treningsrom. Vask av bilar må skje utanfor garasje. Stasjonen manglar balansert vent.		Avklare vask av bil	
Fjaler	Ja	Ja - delvis	Nei	Nei, delt på fleire	Nei	Ja	Stasjonen er i mellombelse lokale som i 2017 vart noko forbetra for å kunne samle beredskap for tidlegare bil i Askvoll. Stasjonen fekk to soverom til, desse med dusj og toalett. Komfyrvakt i nytt kjøkken. Saman med nodedatar er det starta forarbeid for eit felles beredskapsbygg i Fjaler. Verneombod støttar mellombels samling av to døgnbilar i noverande areal, med skissert mellombels utbetring.		Mellombels leige av ekstra garasjeplass og utvida leilegheit.	
Florø	Ja	Ja	Ja	Ja	Ja	Ja	Utfordringar med ventilasjon på natt og høg varme i garderobe. Stasjonen i Svelgen er satellitt frå Florø. Her har det tidvise støypproblem med garasje i naboseksjon.			
Førde	Ja	Ja	Ja	Ja	Ja	Ja	Nytt bygg i 2014. Moment på ventilasjonsstyring og varmt vatn står ope etter garantisynfaring. Personell etterspør utskifting til opne vindauge, då mange rapporterer om luftvegsplager og hovudverk grunna tørr luft. KAMU sak i 2018.			
Skei i Jølster	Nei	Nei	Nei	Ja, toalett	Ja	Ja	Stasjonen er satellitt frå Førde. Nyttast på dagtid vekedagar. Flutta i meir sentrumsnært og eigna lokale i 2017. VO støtta opp om flyttinga.			
Solund	Nei	Ja	Ja	Ja	Ja	Ja	Stasjonen er satellitt frå Førde. HF leiger ei standard vertikaldelt leiligheit med standard bufasilitetar for fagarbeidar med Solund bustadstifting. HF er i dialog med Solund kommune om ny stasjon i samband med nytt anbod på båt.			
Gloppen	Ja	Ja	Ja	Ja	Ja	Ja	Stasjonen var ny i 2013 og er bygt etter krav / pålegg frå Arbeidstilsynet. Stettar alle krav.			
Høyanger	Nei	Nei	Ja	Ja	Ja	Ja	Stasjonen held til å mellombelse lokale. Det inngått langsiktig leigeavtale med Leira næringspark i Høyanger sentrum. Arbeid med arkitekt og brukargruppe pågår. Håpar på innflytting hausten 2018.		Balansert vent, varmpumpe, skifta nokre vindauge	
Lavik	Nei	Ja	Ja	Ja	Ja	Ja	Stasjonen held til å mellombelse lokale, kor det seinare tid har blitt skifta ventilasjonsanlegg. Stasjonen har heimevakt. For tilreisande er det i samråd med tilsette endra leigetilhøve for opphald i fritid. Avventar avklaring på endeleg struktur før meir langsiktig løysingar vert vurdert.			
Luster	Ja	Ja	Ja	Ja	Ja	Ja	Stasjonen var ny i 2011 og er bygt etter krav som stettar pålegg frå Arbeidstilsynet.			
Lærdal	Ja	Ja	Ja	Ja	Ja	Ja	Stasjonen er del av Lærdal sjukehus. Stasjonen stettar krav frå Arbeidstilsynet. Vask av bil må skje utanfor garasje.		Avklare vask av bil	
Selje	Ja	Delvis	Nei	Ja	Ja	Ja	Stasjonen har flytta i andre lokale enn ved Arbeidstilsynet si førre tilsynsrunde. Flyttinga kom i stand etter påtrykk frå eigne tilsette. Stasjonen har heimevakt med stasjonsvakt på dagtid. Delar herregarderobe med Politiet, som er i ferd med å flytte ut no. Kjøkken er av type hybelkjøkken i ein gang, mest tenkt som lunsjrom. Ikkje eige vaskerom, vaskemaskin står i garasje. Avventar avklaring på framtidig struktur.			
Sogndal	Nei	Nei	Ja	Ja	Ja	Ja	Noverande stasjon har mange avvik og er ei kjendt sak. Det er starta bygging av ny garasje og det skal rehabiliterast del av bygningsmasse som skal innehalde buening. Brukargruppe og VO har deltekte tett i prosess leia av DoE. Stasjonen er klar til bruk kring årsskiftet 2018, om enn noko tidlegare.	01.08.2018		
Stryn	Ja	Ja	Ja	Ja	Ja	Ja	Stasjonen stettar krav frå Arbeidstilsynet. Nyleg oppgradert opphaldsrom og kontor med gulvvarme og ny og betre veggisolering. Saman med andre nodedatar starta forarbeid for eit felles beredskapsbygg i Stryn.			
Vik	Ja	Nei	Ja	Ja	Nei	Ja	Det er skrivne kontrakt på ambulansestasjon i Vik sentrum. Stasjonen skal inngå som satellitt stasjon til Sogndal. Stasjonen får garasje til reservebil. Mål om at stasjonen er klar ved årsskiftet 2018/2019.	I løpet av 2019	Stasjonen har avvikla heimevakt i februar 2018.	
Vågsøy	Ja	Ja	Ja	Ja	Ja	Ja	Stasjonen vart modernisert i 2011 og stettar krav frå Arbeidstilsynet. Helse Førde har utvida leigearalet som og er kontor for områdeleiar.			
Ytre Bremanger	Nei	Nei	Nei	Nei, delt på fleire	Nei	Ja	Stasjonen er heimevaktstasjon. Sidan tilsynsrunde er stasjonen flytta i nye lokale, ei rorbu ved Hauge. Lokala er mellombelse i påvente av endeleg struktur.			
Årdal	Ja	Nei	Ja	Ja	Ja	Ja	Stasjonane Årdal og Lærdal var våren 2017 slått saman til eit arbeidsområde, med Årdal som satellitt til Lærdal. Det er ikkje fullverdig garderebeløysing i Årdal.			